

– Kan ikkje stemma, Underdal

FLÅM: Terje Hilstad undrar seg over at styreleiar Ivar Bjarne Underdal i Aurland Ressursutvikling kan hevda at oppseiinga av han som brannvernleiar ikkje har noko med varslingsbrevet han sende til kommunen å gjera.

– Faktum er at eg for ikkje lenge sidan fekk tilbod om ny anna stilling etter omorganiseringa, men det var før eg sende brevet til kommunen. Korleis heng dette saman? spør Terje Hilstad.

Millionar til frivillige

LUSTER: Frivillige lag og organisasjonar i Luster fekk i fjor 3,1 millionar kroner frå den lokale banken. – Luster Sparebank har som eit av måla sine å vera ein aktiv bidragsytar til det frivillige lags- og organisasjonsarbeidet i Luster. 195 lag og organisasjonar har det siste året motteke gåver eller sponsormidlar frå banken, fortel banksjef Oddstein Haugen.

Raust årsmøte

ÅRDAL: Årsmøtet i Årdal kjemiske fagforeining delte ut til saman 80.000 kroner til lokale lag og foreiningar. Mes-teparten av pengane, 57.500 kroner, gjekk til aldersbestemt arbeid i IL Jotun, og vart delt ut slik: skigruppa 5.000 kroner, aldersbestemt handball 15.000 kroner, aldersbestemt fotball 15.000 kroner, motorsport 5.000 kroner, friidrett 5.000 kroner og turngruppa 12.500 kroner. Dei andre som fekk pengar: Farnes skulemusikk 2.500 kroner, FAU ved Farnes skule, Olsenbana, 2.500 kroner, Årdal AUF 12.500 kroner og Årdal Revmatikarlag 5.000 kroner.



samarbeid: – Det er for lite samarbeid over fjorden i dag, meiner May Britt Solheim og Wilhelm Tangerud.

Fjord ingen hindring

■■ Sognefjorden Næringshage er etablert ■■ IT og reiseliv

AURLAND: IT og reiseliv står sentralt når Sogn Nærings og Aurland næringshage no har gått saman for å etablere Sognefjorden Næringshage.

– Hovudfokuset vårt blir å kopla saman miljøa mellom Aurland og Sogndal. Det er eit mål å få til eit felles prosjekt som kan samordna desse miljøa, seier May Britt Solheim, dagleg leiar i Sognefjorden Næringshage.

Wilhelm Tangerud, dagleg leiar i Sogn Nærings, seier dei har jobba hardt for å få til dette.

– For Sogn er dette kjempebra, det er viktig at me skapar utvikling og befolkningsvekst i regionen.

Siva og fylket

Det er Siva og Sogn og Fjordane fylkeskommune som står bak næringshagerogrammet. Aurland Næringshage og Sogn Nærings søkte om å bli oppteken i næringshageprogrammet i fjor haust, noko både Siva og fylkespolitikarane gjekk inn for.

– Eg tok kontakt med Sogn Regionråd for å sjå om det var mogleg å få til eit samarbeid

då Sogn Nærings også ynskte å få etablert ein næringshage. Det har me no fått til. Siva og fylkeskommunen har vore gode ressursar og sparingpartnarar i prosessen for å få dette til.

Sogn Nærings har i denne samanheng sett på IT-miljøet i Sogndal og fått fem målbedrifter inn i samarbeidet, fire frå Sogndal og ei frå Balestrand.

– Me ønskjer også å få med fleire, blant anna har me kontakt med Agnitio i Årdal.

Mathandverk

Solheim seier Aurland har ein

tydeleg profil mot reiseliv, landskap og mathandverk og har med sakte-alliansen med sine 19 medlemsbedrifter der mathandverk og unike opplevingar er fokus.

– Me skal bli den beste aktøren på dette området i Noreg.

I tillegg er det med bedrifter som Nærøyfjorden Verdsarvpark og Aurland Ressursutvikling, blant andre.

– Me er sjølvsagt opne for andre miljø også.

10-årig avtale

Avtalen med Siva går over 10

år, med eit årleg budsjett på 1,8 millionar kroner. medlemsbedriftene bidreg med 25 prosent av tilskotet, fylkeskommunen med 25 prosent og Siva er inne med 50 prosent.

– Dette er difor eit veldig godt tilbod til bedriftene. Gjennom å bli med, har dei to personar som jobbar full tid i næringshagen til hjelp for bedriftene.

Solheim er ei av dei, medan Tangerud fungerer i Sogndal til dei har fått tilsett ein person der også.

– Me treng eit større samarbeid på begge sider av

fjorden, seier Tangerud og Solheim legg til:

– Me har endra tankemåten litt og ser ikkje på kommunegrensene. Me ser på miljøa, uavhengig av kvar dei er og ser på kva me kan skapa saman. Me er alt godt i gang med å få til ein god samarbeidsavtale og ein felles handlingsplan og strategi for 2012. Og me vil etablere felles møteplassar, då me vil unngå at dette endar opp med ei avdeling i Sogndal og ei i Aurland som jobbar kvar for seg.

Jan Egil Fimreite

jan.egil.fimreite@sognavis.no

– Følg med på skredvarsla

SOGNDAL: Sogndal Freeride blir avlyst, men resten av Fjellsportfestivalen skal gå som normalt.

Vêr- og skredfaremeldingar ber bod om stor snøskredfare på våre trakter, i den veka Fjellsportfestivalen går av stabelen.

– I alle aktivitetar og konkurransar kjem me til å ta

omsyn til eventuell skredfare, seier Tor Yttri i festivalleiinga.

Ein konsekvens av det er at Sogndal Freeride tysdag blir avlyst. Konkurransen krev mellom anna dropp og lange linjer ned bratte fjellsider, og saman med ekspert og hovuddommar i konkurransen, er vurdering at det ikkje kan gjennomførast med vêrforholda som rår no. Ellers skal programmet gå som normalt. Tryggleik skal vera i forarsetet.

– Me skal ha lokal skredvarsling to gongar i døgnet, og me har hyra inn proffe folk på skredvarsling. No er det ein faregrad som tilseier at ein ikkje skal oppsøkja kva som helst område, seier Yttri.

I helga vart ein skikøyrar nær teken av skred, men han brukte ein Snowpulse-sekk, som bles seg opp som ein ballong. Det skjedde opp mot Blåfjell, ikkje langt frå toppen av Hodlekve. Alt gjekk bra med skikøyraren

som slapp med skrekken. NGI sin nettstad snoskred.no varslar skredfaren for første del av vinterferien, fram til 23. februar. Skredfaren varierer mellom faregrad 2, moderat, og faregrad 3, markert, i heile landet. Blant områda med størst fare er vestlege fjelltrakter i Sør-Noreg.

Keth Øren

keth.oren@sognavis.no